| Nr. | Søkjar | Prosjektnamn | Søknadssum | Tilråding | Grunngjeving | Kort presentasjon av tiltaket/prosjektet | Totale utgifter |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Fretex Pluss | Styrket til arbeid Vestland 2021 (STV) | 900 000 | 350 000 | **Budsjett:** Dei vert informert om at i tilfelle vi godkjenner prosjektet, vil beløpet truleg vera lågare enn beløpet dei søker om. Dei var opne for endringar.<br><br>**Heilskapsvurdering:** Dette er framhald av fjorårets prosjekt med regional satsing. Det er positivt at prosjektet skal samarbeida med Catalyst som er ein av pionerane i Mentor-programmet for innvandrarar i Noreg. Catalyst har samla lang og god erfaring med å rettleia innvandrarar. | "Styrkt till Arbeid" skal vera ein produktiv og effektiv veg inn i arbeidslivet for innvandrarar. Samarbeidsprosjekt mellom Fretex og Catalysts med middel frå VLFK i 2020 viser gode resultat. No ønsker dei å vidareutvikla programmet ved å òg utvikla relevante digitale verktøy for deltakarane, samtidig som dei bruker den kunnskapsbaserte metoden som siser seg å veraein suksessfaktor. Målgruppa er innvandrarar med høgare utdanning. | 1480000 |
| 2 | Sogn Regionråd | Mentorprogram - Sogn for alle | 220 000 | 220 000 | **Budsjett:** Dette er framhald av fjorårets prosjekt. Eigenfinansiering er god. Sogn regionråd vil bidra med kunnskap innan arbeidsinkludering. Verksemdene bidreg med arbeidstid sett av til mentoring i tillegg til deltaking i mentorprogrammet.<br>**Heilskapsvurdering:**<br>Dette er eit veldig bra prosjekt med seriøse samarbeidspartnarar. NAV er med i styrings- og arbeidsgruppe og prosjektet har ein god sjanse til å gjennomføra dei planlagde aktivitetane med ønskte resultat. Prosjektet vert tilrådd i sin heilskap då søknadssummen er realistisk med tanke på total disponibel beløp til tildeling. | Hovudaktiviteten i mentorprogrammet "Sogn for alle" har er utvikling av inkluderingskompetanse og relasjonsbygging. Målet er at fleire med innvandrarbakgrunn skal finne seg til rette i det lokale arbeidslivet. Effekten vil verestørre kompetanse i arbeidslivet på mangfald, inkludering og rettleiing. Ein annan forventa effekt er auka arbeids- og samfunndeltaking for målgruppa. | 678 000 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 3 | Bergen Næringsråd | Bergen Opportunity | 1 020 000 | 350 000 | **Budsjett:** Prosjektet har fått innvilga tilskot frå samarbeidspartnerane. Dei vert informert om at i tilfelle vi godkjenner prosjektet, vil beløpet truleg vera lågare enn beløpet dei søker om.<br><br>**Heilskapsvurdering:** Dette er framhald av fjorårets prosjekt med seriøse samarbeidspartnarar som for eksempel Bergen Næringsråd, Vestland Fylkeskommune, NAV, Trainee Vest. Prosjektet har hausta gode erfaringar. Prosjektet har ein god sjanse til å gjennomføre dei planlagte aktivitetane med ønska resultat. Prosjektet må levere ein revidert prosjektomtale og revidert budsjett. | Mentorprogrammet Bergen Opportunity baserer seg på berekraftsmål 10 og skal på sikt bidra til at fleire med innvandrarbakgrunn tar leiande posisjonar i arbeidslivet og samfunnet elles. Formålet er få fram fleire forbilde med fleirkulturell bakgrunn og styrke posisjonen til regionen som internasjonal og inkluderande. Målgruppe for tiltaket er innvandrarar med høyrere utdanning og 50% av kandidatane skal vera kvinner. Mentorene er toppleiarar i Vestland. Ein ringverknad er at leiarane òg aukar kompetansen sin på mangfaldsleiing, og dei får innblikk i den kompetansepoolen som deltakarane representerer. Forventa resultat m.a. er å styrka moglegheita for at innvandrarar med høg utdanning får relevant jobb og bidra til ein attraktiv og inkluderande region. | 1 980 000 |
| 4. | Trans-cultural Arts Production | Her og der | 250 000 | 100 000 | **Budsjett:** Søkjarane søkjer også andre tilskot, t.d. Norsk Kulturråd. Budsjettet er realistisk, og vil kunne gjennomførast sjølv om tilrådd tilskot er mindre enn søknadssum.<br><br>**Heilskapsvurdering:** Målsetjing for tiltaket er at programmet vil fungerer som ein kunstnarisk GPS og ein overlevelsesguide til livet i Noreg som kunstnar og menneske. Programmet er eit effektivt verktøy for å oppnå resultat gjennom auka deltaking i kunst og kulturfeltet. Vidare blir det beskrive eit resultat med auka mangfald av kunstnarar med fleirkulturell bakgrunn innan oppdrag, stipendmottakarar og som arbeidstakarar og arbeidsgivarar innan kunst- og kulturfeltet og gi tilgang til informasjon om moglegheiter og om korleis kunst- og kulturlivet i Noreg | Målsetting for mentorprogrammet Her og der er å funger som en kunstnerisk GPS og en overlevelsesguide til livet i Norge som kunstner og menneske samt være et effektivt verktøy for å oppnå resultater gjennom økt deltakelse i kunst og kulturfeltet. Målgruppe for tiltaket er profesjonelle kunstnere som bor på vestlandet og er i etableringsfasen og I hovedssak kunstnere som har vært her under 5 år og de som ikke har tatt utdanning i Norge er prioriterert. Mentorordningen gir blant annet informasjon om hvordan kan søke om stipender, etablere enkeltmannsforetak og om praktisk prosjektarbeid. Mentorordningen vil gi faglig utveksling og oppfølging av nyankomne kunstnere gjennom indivduelle møter, fellesamlinger og faglige workshop. | 800 000 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | fungerer. Målgruppa for tiltaket er profesjonelle kunstnarar som bur på Vestlandet og er i etableringsfasen.<br><br>Dette er eit veldig bra prosjekt og har gode potensiale for å bidra til å fremma meir variasjon i kulturlivet på Vestlandet gjennom at høgt utdanna kunstnarar får bruka kvalifikasjonane sine. | Mentorordningen gir mulighet til personlig og faglig vekst gjennom mentorbasert tilknytning til et fagmiljø. Forventet resultater er økt mangfold av kunstnere med flerkulturell bakgrunn innen oppdrag, stipendmottakere og som arbeidstakere og arbeidsgivere innen kunst- og kulturfeltet. Gi tilgang til informasjon om muligheter og om hvordan kunst- og kulturlivet i Norge fungerer. | |
| 5. | Papillion | Diversity in Action – innovativ gruppecoaching for personer med kort botid i Norge | 510 000 | 0 | **Budsjett:** Dette er realistisk for det arbeidet som er skissert. Søkjar har gode samarbeidspartnarar, fagleg og økonomisk.<br><br>**Heilskapsvurdering:** Dette er i utgangspunktet eit omfattande og bra prosjekt som utvilsomt har godt potensiale for å bidra til å hjelpe deltakarane til å finne fram i samfunnet, og finne inngang til arbeidslivet.<br><br>Vi vurderer likevel at prosjektet, slik det er beskrive ikkje samsvarer godt nok med kriteria for mentor- og traineeprogrammet slik desse er formulerte. Når vi i tillegg har avgrensa med midlar, er tilrådinga her avslag.<br><br>Vi rår til at søkjaren ev utviklar og bearbeider opplegget med tanke på framtidig søknad. | Målsetjing for tiltaket er utviding av eit pilolotestet coachingprogram som er gruppebasert, styrkebasert, lavterskel, og som fokuserer på mestring i det nye livet til deltakarane i Noreg. Målgruppe for tiltaket er unge vaksne og andre med kort botid i Noreg, som vil auka forståinga si av «systemet», rettar, tilbod, pliktar, kulturelle aspekt, eigne ambisjonar, bygga nettverk og lykkast i studiar eller på arbeidsmarknaden. Mentoring som konsept vil deltakarar møta og styrka kvarandre i små grupper på kor tverrfaglegebidragsytarar besøker gruppene vederlagsfritt, også ved utviding til fleire språk og tar opp ulike tema m.a. økonomiformidlingen, jusformidlingen, sanitetsforeininga og psykolog. Bidragsytarar informerer og går i dialog om det som deltakarane lurer på. Mentorer frå Papillon legger till rette for utforskande samtalar på eit språk som deltakarane meistrar. Det blir støtta, blir styrkt og blir informert med auge på interessene til deltakarane, ambisjonar og utfordringar. Personar med krysskulturell bakgrunn som sjølv har lykkast i arbeidslivet og opplevd relevante utfordringar står for | **1 020 000** |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | programutviklinga og leveransane. Vekentlege kveldsmøte (evt. online ifm smittevern). Papillon omsetjar, fasiliterer, og byr på individuell oppfølging. Festleg diplomutdeling til slutt. Forventa resultat er Papillon styrkar deltakarane og oppmuntrar til selvrealisering gjennom studiar, arbeidsliv, samfunnsdeltaking, norskopplæring, samfunnsdeltaking, kulturliv og meir. | |
| 6. | West Piping As | Integrering/ utvikling av kompetanse | 374 000 | 0 | **Budsjett:** Søknaden er fremja med 100% tilskot frå fylkeskommunen. Dette vil ikkje vere realistisk.<br>**Heilskapsvurdering:** Målsetjing for tiltaket er utvikling av kompetanse, kursing, sertifisering og rettleiing til fagbrev som vil føra til kvalifisering av prosjektdeltakarane som fagarbeidar. Dette er eit bra prosjekt som har potensiale for å bidra til fagleg kompetanseheving av innvandrarar, men målgruppa samsvarer ikkje med føremålet for tilskot frå mentor- og traineeordning. | Målsetjing for tiltaket er utvikling av kompetanse, kursing, sertifisering og rettleiing til fagbrev. Målgruppe for tiltaket er innvandrarer som er tilsette per i dag som hjelpearbeid. Forventa resultat er å kvalifisera deltakarar som fag arbeider. | 374 000 |

Alle felt vert hØsta direkte frå sØknadsskjema, med unntak av Tilråding og Grunngjeving)